

Nr. 1 - januar 2021

Masfjordingen

Masfjorden sokn gjev ut meldingsbladet
i samarbeid med Masfjorden kommune



Gudstenester

Dette er dei oppsette gudstenestene framover. Me fylgjer til ein kvar tid oppgitte korona reglar, og tek etterhald om endringar/avlysingar pga. dette. Gjeldane liste og informasjon om forandringar finn du i kalenderen på nettsida vår: www.masfjorden.kyrkja.no og facebook sida vår: «Kyrkja i Masfjorden».

31.januar

Frøyset kyrkje. Den ordinære gudstenesta er avlyst. Det blir halde eigne gudstenester for inviterte 4 åringar med fam, som skal få «Kyrkjboka mi».

7.februar

Den planlagde gudstenesta på Fjon er avlyst. Solheim kyrkje: Det blir halde eigne gudstenester for inviterte 4-åringar med fam., som skal få «Kyrkjboka mi».

14.februar

Sandnes kyrkje kl. 12:00
Gudsteneste v/Torbjørn Sæle

28. februar

Solheim kyrkje kl 11:00
Gudsteneste v/Torbjørn Sæle

14.mars

Frøyset kyrkje kl. 11:00
Gudsteneste v/Torbjørn Sæle

21.mars

Sandnes kyrkje kl. 12:00
Gudsteneste v/Torbjørn Sæle

Døypte

10.01.2021 Anvilda Skuggedal Andvik
Foreldre: Magrete Skuggedal Andvik og Oddbjørn Skuggedal
Faddrar: Silje Totland, Runar Andvik, Ingve Hovland, Torstein Skuggedal

Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja har de fått del i eit heilagt ansvar: Å visa omsorg for borna, be for dei, læra dei sjølvre å be og hjelpa dei til å bruka Guds ord og delta i den heilage nattverden, så dei kan leva og veksa i den kristne trua.

Avlidne

16.12.2020 Manfred Elias Kvinge f. 1920

Eg er oppstoda og livet, seier Herren. Den som trur på meg, skal leva om han så dør. Og kvar den som trur på meg, skal i all æva ikkje døy.



OM KIRKENES SOS

Kirkens SOS er landets største døgnåpnede krisetjeneste på telefon og internett. Hos oss er det alltid noen som tar imot samtaler, hver eneste dag, døgnet rundt, også i ferier og høytider.

Vi ønsker å fremme livsmot og håp for den som er i følelsesmessig eller eksistensiell krise, og som kjenner at livet utfordrer. Vi tåler å lytte, og har tid til å lytte.

RING
SOS
22 40 00 40

SKRIV
SOS
MELDING


SKRIV
SOS
CHAT



BARNAS SIDE

Finn fem feil!

Då dei kasta ut garnet der Jesus sa, fekk dei så mykje fisk at båten nesten sank! Dei to biletet er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre? (Teikning: Monica Bauleo)



Finn namn på 10 dyr!

Inne i rutalet er det gjort 10 dyrenamn. Dei står frå venstre mot høgre, og nedover. Kan du finne alle?

O	L	V	I	P	O	L	V	I	R
K	Y	G	R	A	P	E	K	A	T
L	V	I	P	N	A	S	I	N	Å
A	F	L	O	D	H	E	S	T	T
T	R	Ø	N	A	U	L	E	I	O
R	E	V	N	L	N	U	B	L	Æ
O	K	E	I	U	D	X	R	O	P
P	A	N	K	I	D	R	A	P	I
I	B	K	A	N	I	N	T	E	P

Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad i!


Desse oppgåvene er henta frå blader.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00.



Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare.
Kva skjuler seg her?



Vitsar

Ein musunge titta ut av museholet om kvelden. Då fekk han sjå ei flaggermus.
– Mammal ropa musungen. – Eg har sett ein engel!

– Eg håpar det ikkje blir regn i dag, sa kengurumamma.
– Det er så travelt når ungane leikar inne.

Gudstenesta i Solheim kyrkje på julaftan



Å tenke at det skulle vere begrensinger på kor mange som kunne kome i kyrkja julaftan?

Julepynt i Frøyset kyrkje

Rett før jul var 3. og 4. klassingane på Nordbygda inviterte til å laga julepynt.

Me starta med ei lita samling i korttrappa og snakka litt om jul og julegåver. Kvifor gjev me kvarandre julegåver?

Kyrkjelyden stod for betasuppe og nokre eldre søsken bidro med hjelp og tilrettelegging av aktivitetane.

Mot slutten hadde alle så lyst å leika mørkegjømsel at me slo av alle lys i kyrkjeskipet og gøynde oss.

Heilt til slutt ba me ei lita bøn og tente lys for kvarandre. Det var ei god stemning som me alle håpar å få vera med på fleire gongar.

Tekst og foto: Elisabet Sleire, forelder

Dersom nokon hadde sagt dette til oss for eit år sidan ville me ikkje trudd på dei! 49 gjestar og 4 medverkande var saman i Solheim kyrkje.

Inngangssalmen sette oss i stemning:

*"En krybbe var vuggen som ventet ham her,
det lille barn Jesus, vår Frelser så kjær.
Men stjernene lyste helt inn der han lå,
det lille barn Jesus, på leiet av strå."*

Me song fleire kjende og kjære julesalmar saman, unisont og i vekselsong.

Juleevangeliet hadde fokus og i preika hadde Harald Sundsbø ein grundig gjennomgang, fint illustrert med teikningar som barn i Nordhordland hadde laga i samband med skulegudstenester.

Til postludium spela Anne Merethe Reknes Nå vandrer fra hver en verdenskrok.
Offeret gjekk til Frelsesarme.
Me ønskte kvarandre God Jul!

Nokre tok turen på gravplassen etter gudstenesta. Det var stemningsfullt og fint å sjå dei mange lysa som var kveikt på gravene på kyrkjegarden. Og så kunne Åse Marit Kalhovd, Marit Steinestø og kyrkjaklokka ringe jula inn på Solheim!

Tekst og foto: Dina Dyrhovden



Julaftan-gudstenesta i Frøyset kyrkje



Det var med litt spenning Anne Marit Fredriksen og underteikna gjekk til oppgåva med å vere kyrkjevertar på julaftan i år.

Vi var ute i god tid, men då vi kom var allereie Alima Helland i full sving med klargjering av kyrkja. Det var 50 personar påmeldt, så kyrkja var «fullsett». Vi hadde fått «sitje-kart» frå yrkjekontoret som viste kven som var i same såkalla «kohort» og kunne sitje på same benk, og kva benk dei var plassert på. Dette var til god hjelp, så takk til dykk. Det kom melding om eit forfall fra ein familie slik at vi fekk plassert alle inne i kyrkja og trong ikkje å bruke kyrkjelydsalen.

Dette var den siste gudstenesta vår kjære sokneprest Harald Sundsbø skulle ha i Frøyset kyrkje. De var litt vemodig, for han har vore ein kunnskapsrik og dyktig prest. Har hatt den glede å arbeide med han i soknerådsmøte, og der har vi hatt stor nytte av erfaringane hans. Snakka litt med han om kva han skal finne på no når han endeleg er pensjonist. Han hadde tru på at dagane ville bli lette å fylle opp. Han gleda seg til fisketurar, og dei har eit gardsbruk i familien som han skal bruke ein del tid på.

Harald haldt ein fin andakt der juleevangeliet stod sentralt. Det blei nytta storskjerm til å vise teikningar fra barn og unge tilknytta dette temaet. Skjermen er eit fint verkemiddel til å knyte saman forteljingar visuelt, og til at vi ikkje treng å bruke salmebøker, då salmeteksten blir vist på skjermen.

Anne Merethe spelte på piano like fint som alltid. Denne gongen blei det spelt på det nye pianoet som blei gitt til kyrkja av Marita Børnes. Stor takk til familien på Risnes. Snart kjem det nye kyrkjeorgelet, og det gleder alle seg til.

Anke og Alf Helland utførte klokkargjerninga på same fine måte som dei alltid gjer.

Helsing kyrkjevertane Anne Marit Fredriksen og Ragnvald Tangedal



Å få vera til glede for Gud og menneske



I heile 2021 er det Torbjørn Sæle som er sokneprest i Masfjorden. Her kan du bli litt betre kjend med han gjennom nokre viktige og mindre viktige opplysningar.

- Namn: **Torbjørn Sæle**.
- Alder: 35 år.
- Sivil status: Gift med Stine Karin.
- Aktuell: Sokneprest i Masfjorden, vikar i 2021.
- Utdanning: Studert teologi på MF (tidl. Menighetsfakultet) i Oslo. Ordinert til prest i Meland kyrkje i 2011.
- Tidlegare jobbar: Prest i Fagerborg/NMS, studentar og unge vaksne i Oslo (2011-2016), spesialprest, born og unge i Knarvik (2016-2020). Permisjon frå den stillinga i 2021.
- Oppvekst: Frekhaug.
- Bustad: Knarvik.
- Glad i: Reise, turar, fjell, ski, sport, sjokolade, foto, bøker, brettspel m.m.
- Favorittfotballag: Brann og Tottenham.
- Favorittbibelvers: «Alt maktar eg i han som gjer meg sterk.» (Filipparane 4,13).
- Eit godt 2020-minne: Pilegrimsvandring langs Sunnivaleia frå Kinn til Selja.
- Eit 2021-ønske: Å få vera til glede for Gud og menneske.

2021-ønsket kom i fokus i den første preika Torbjørn Sæle heldt som ny sokneprest i Masfjorden. Den heldt han i Frøyset kyrkje den 3. januar

Denne første sundagen i det nye året vert kalla Jesu openberringsdag. Evangelieteksten for dagen handlar om då Jesus var i tempelet som tolvåring, og han for første gong openberra litt av det som skulle verte gjerninga hans – til glede for Gud og menneske.

Men før Torbjørn forretta gudstenesta, vart han introdusert av prost Helge Taranrød, og tilsettjingsbrevet til Torbjørn frå biskopen vart lese opp. Det hadde form som ei helsing til kyrkjelyden i Masfjorden, med ei formaning om å ta imot Torbjørn som ny prest, og hjelpe og støtte han i arbeidet her.

I løpet av preika refererte Torbjørn til mottoet «Til glede for Gud og menneske», og ga uttrykk for ynskje om at dette skulle prege arbeidet hans i Masfjorden. Han var også tydeleg på at dette ikkje var noko han eller andre kunne ta for gitt. Vi som bur her i Masfjorden, har også ei rolle å spele.

Men vi vart minna om at vi ikkje er åleine på laget. Torbjørn siterte Paulus fyrste brev til korintarane, der det står: «Eg planta, Apollos vatna, men Gud gav vekst.»

Som det går fram av dette verset: Voksteren kjem ikkje av seg sjølv, og ikkje utan ein viss eigeninnsats. Vår eigeninnsats.

Tekst : Torbjørn Sæle/Rune Garmann
Foto : Rune Garmann

Julegudstenesta i Granneheimen

Med tradisjonar og heilt nye element

Det pleier vera kvelds med kakao etter denne gudstenesta i Granneheimen rett før jol. Sidan den vart lagt til klokka 11.00 i år ville kyrkjelyden her finna på noko anna. Då vart det knakande god betasuppe! Nokon var her for fyrste gong, og nokon sa det slik:

«Kjekk gudsteneste med særslig triveleg kyrkjekaffi – til og med middagsservering! God stemning! God mat! Fint treffpunkt i desse koronatider.»



To driftige og engasjerte damer syter for at det er godt å koma på gudstenesta i Granneheimen.



Haralds Sundsbø leia gudstenesta og fortalte at han hadde hørt gjetord om den gode kyrkjekaffien i Granneheimen då han starta i vikariatet- og det hadde jammen slått til! Else Haugland og Gunn Andås hadde baka både flatbrød, lefse og julebrødet me fekk servert. -Kva er motivasjonen for å stå på med baking og matlagning?



-Det er kjekt å vera saman i fellesskapet og då vert jobben på kjøkkenet enkel, seier Else og Gunn.

Julepynta bord med fine dukar.

Tekst og foto: Helga Ekehaug



Desse konfirmantane klarte å tenna alle fire adventslysa!

Avokado, vatn og vekst

Vi er vande med å få vatn på oss her i kommunen, men har du tenkt på at vekst kan starta med å bli lagt i bløyt. Kanskje har vi noko å læra av korleis avokadoen veks?

«Jesus gjekk fram i alder og visdom.» (Lukas 2,52a)
Etter fødselen i juleevangeliet og flukta til Egypt, er det berre ei einaste forteljing frå Jesus sine barne- og ungdomsår her på jorda. Det er når 12-åringen har forsvunne under ein påsketur. Etter tre dagar finn foreldra han igjen i tempelet i Jerusalem, der Jesus stilte spørsmål, var nysgjerrig og lytta til lærarane. I sin Fars hus. Det neste vi hører om Jesus er når han 18 år seinare startar å kalla menneske til seg. I mellomtida står det at han gjekk han fram i alder og visdom.

Ting Tar Tid. Sjølv i livet til Jesus her på jorda. Slik det kan gjera for oss, og slik det er med ganske mykje av det som vekst rundt oss, i naturen. Skal du til dømes få ein avokadostein til å veksa – noko som i seg sjølv er nokså vanskeleg her i vår del av verda – så må du først få steinen eller kjernen laus. Det kan i seg sjølv vera krevjande.

Eg ville så tenkt at det var viktig å få lagt steinen i god jord, først som sist. Men det er eit viktig og avgjerande steg på vegen, eit steg som kjem før plantinga i jorda. Avokadostenen treng nemleg først å leggjast i vatn. Den treng god tid til kvile. Den må rett og slett leggast i bløyt, mjukast opp litt. Og så er det nettopp der, i vatnet, at vekstprosessen startar. Og den startar ved at fasaden slår sprekker, så steinen kan slå røter – nedover. Bli rotfesta og få eit grunnlag å veksa på. Deretter, når røtene får feste i jorda, først då kan planten byrja å veksa – oppover. Strekka seg opp mot Skaparen. Og etter kvart falda seg ut.


Vi har alle vore omgjeven av vatn – først i mors mage. Der starta veksten. Og ved døypefonten får vi igjen vatnet over oss, der Gud skapar nytt liv, gjennom ordet og vatnet og ved sin Ande. Så vi kan «leva og veksa i den kristne trua», som det heiter i dåpsliturgien.

Eg trur vi alle kan trenga å leggast litt i bløyt. Ikkje berre den eine gongen vil blir døypte. Men ved å ta ein god pust i bakken, bli ført til vatn, der vi finn kvile, saman med vår gode hyrding (jf. Salme 23). Ved å vera stille, eller ved setta ord på noko vi ber på, i ei bøn til vår Far i himmelen. Og kanskje vil Gud vil skapa noko nytt i oss og gjennom oss?

Eg håpar vi kan oppleva ein god vekst i kyrkja og i liva våra framover. For Gud har det med å villa skapa noko nytt. La noko nytt få spira fram. «Merkar de det ikkje?» spør profeten (Jesaja 43,19).



Ein avokado kan læra oss noko viktig om vekst. For at steinen skal kunna veksa og bli til ei ny plante, treng den først kviletid, omgjeven av vatn.



Eg håpar vi vil merka det, når tida er inne, og at vi alle kan leva og veksa saman med Jesus.

De skal veksa i nåden og i kjennskapen til vår Herre og frelsar Jesus Kristus. Han vere ære, no og til den evige dagen! Amen. (2 Peters brev 3,18).

Torbjørn Sæle
sokneprest, vikar i 2021

Ti-åringane i Solheim

På grunn av covid 19- restriksjonar vart det ei litt annleis utdeling av kyrkjeboka for 10-åringane i Solheim sokn.

Det var nokon spente barn som tok bussen til Solheim rett etter skuletid og gjekk saman opp til kyrkja. Der blei dei mottekte av Helga og Merethe og fekk servert pizzabollar av kyrkjelyden. Praten gjekk laust om gravferd og død. Mange tankar og spørsmål kom opp og blei reflektert rundt når dei gjorde seg kjent i kyrkja. Det var litt annleis å vera der ein ettermiddag i staden for å delta på ei gudsteneste.


Så var det ei kort øving på juleevangeliet med mykje armar og bein, englesong, saueskinnsfell og kuskinn. Då stemninga var på sitt beste kom foreldra inn. Tida hadde gått så altfor fort og no var det brått tid for den liturgiske samlinga. Dei fem 10-åringane kom i prosesjon inn kyrkjegolvet og Juleevangeliet vart vist fram for foreldre med stort engasjement og innleiving. Dei ba samlingsbøn og ringte med kyrkjeklokken i klokketårnet, dei song med god stemme og bevegelege kropper. Til slutt fekk dei sjå eit av guds skaparverk i spegelen i døypefonten. Det var ein avslappande og god ettermiddag i Solheim kyrkje.

Ein kommentar frå ein forelder: «Opplegget dei hadde laga til kring utdelinga fungerte fint og det var kjekt at ungane fekk delta så mykje.»

Bente Håvåg Kvamsdal,
frå kyrkjelyden



Kyrkjelyden si gavé til 10-åringane var bibelboka «Guds barn» der Desmond Tutu har gjenfortalt mange viktige bibelforteljingar.



Trusopplæring

Gud gir- vi deler: Skal fremje opplevinga av eigenverd; lata dei unge verte kjend med dei kristne tradisjonane, høgtidene og kyrkja dei høyrer til; læra å be, lesa i bibelen, feire gudsteneste og vise nestekjærleik i praktisk solidaritet. Trusopplæring utfordrar til engasjement og deltaking i kyrkje og samfunnsliv for alle døypte i alderen 0–18 år, uavhengig av funksjonsevne.

Lys våken

Siste planen er å ha Lys våken 27. – 28. februar i Solheim kyrkje for dei som fyllte 11, 12 og 13 år i 2020 og høyrer til i Masfjorden sokn. Om dette vert digitalt, ei samling i kvar av kyrkjene, innandørs eller utandørs er uvisst. Noko vert det.

Fireåringane

Kyrkjelyden gjev dei boka «Kyrkjeboka mi» i Frøyset kyrkje 31. januar, Solheim kyrkje 7. februar og i Sandnes kyrkje 28. februar. Med lov til å vera samla 10 personar, vert det eigne forkorta gudstenester etterkvarandre for nokre få born i slengen. Slik får borna høve til å ha med seg fleire frå familien på seremonien.

Dåpsskulen

Den er vanlegvis for dei som fyller fem år. Den har me ikkje gjennomført i 2020, og me har von om å ha samlingar der dei får høyrta nokre bibelforteljingar og laga eit dåpsskuleteppe i 2021. Dette gjeld både dei som vart fødde i 2015 og 2016.

Vinterferie i kyrkja


Det vert høve for enkelte aldersgrupper på utvalde dagar å vera på samlingar i kyrkja.

Fastetida før påske

Fasten startar på oskeonsdag som i år fell på 17. februar og går fram til og med påskafta. Likevel vert fastelavenssøndag rekna med i fastetida, medan det ikkje er faste på dei andre søndagane før påske. Kva er faste og kva er påske? Kva med påskelam, fotevask og påskepynt? Nokre grupper av 7, 8, og 9 åringar vert invitert til ei lita samling i denne perioden.

For alle desse møtepunkta- føl med på internett: www.masfjorden.kyrkja.no eller facebook: «kyrkja i Masfjorden» for oppdatert informasjon og påmelding som kjem etter kvart. I desse koronatider vert det truleg endringar og kortidsplanlegging.

Helga Ekehaug,
truopplærar



Kollekt

Kva går kollekten til? Her vil me kort presentera organisasjonar som kyrkjelyden vel å gje pengar til gjennom kollekt i gudstenestene. Fleire organisasjonar lagar heimesider og blad om ulike tema som kan vera til støtte og læring i stort og smått.

Utdraga er gjort av Helga Ekehaug, truopplærar

Barnevakten

Utdrag frå deira eigen omtale:

Barnevakten er en ideell stiftelse som jobber for en betre mediehverdag for barn i Norge og har fulgt den digitale utviklingen fra før noen hadde en profil på Facebook, fra FM ble til DAB, fra en tid vi ringte eller tekstet hverandre, til vi nå lever våre liv via smarttelefonene som først ble lansert i 2007.

Siden mars har vi opplevd en solid økning i antall henvendelser. Det er særlig spørsmål fra foreldre om ulike apper barna deres bruker, nettmobbing eller at barna har brukt mye penger på spill uten at foreldrene har hatt kjennskap til dette. Vår siste forskningsrapport «Skjermet barndom» viser at foreldrene ønsker mer støtte og informasjon om nettopp disse områdene. Kontakt: Barnevakten.no

«Forsking på familier og bruk av dataspill viser ... jevnt over at foreldre som engasjerer seg, og til og med spiller med barna, får en bedre og mindre konflitfylt hverdag rundt spill.»
Utdrag frå artikkelen om dataspel.

Tekst er henta frå
Barnevakten: Digital
barndom. Nr 2. 20. årgang
desember 2020




Tro og medier:

Vi er en kristen medieorganisasjon som jobber for kristen tro og gode verdier i mediehverdagen.

- Noe av det viktigste vi kan gjøre, er å snakke med barna om det de ser på skjermen. Alt har jo med verdier og tro å gjøre.
- Det viktigste verktøyet er ikke kontroll, det er dialog. Vi har snakket mye i vår familie om å si ifra dersom man ser noe ubehagelig, og om hvilke verdier de har fått med seg. Det er fint å ikke alltid ha svarene, men å stille spørsmål.

Utdrag frå intervju med Anne Sofie Brennhovd, forfattar og oppteken av barn sitt møte med skjerm. Tro og medier. nr 4, 2020 80. årgang

Det tek til å ordne seg med tonefylgje i Frøyset kyrkje – og i Solheim òg



I julenummeret av Masfjordingen kunne ein lese om at arbeidet med å skaffe nytt orgel til kyrkja er sett i gang. Ei nemnd beståande av kyrkjelydsmusikaren vår, Anne Merethe Reknes, varaordførar Torill Torsvik samt underteikna fekk i oppdrag å utgreie moglege løysingar, samt å sjå på korleis desse løysingane kunne finansierast.

For å ta det siste fyrt: Formannskapet vedtok å løyve inntil 50.000 kr til føremålet, samt å forskottere eventuelle beløp for å få prosjektet ferdigstilt. Saman med den rause pengesummen vi alt har fått, ser vi no at vi vil kunne dra dette prosjektet fint i land. Det vert snart nytt orgel i Frøyset kyrkje. Men det kan tenkast at ein må be om litt hjelp frå sambygdingar og andre interesserte for å få dette fullfinansiert.

I møte den 4. november gjorde Fellesrådet dette vedtaket:

- Masfjorden fellesråd sluttar seg til orgelnemnda si innstilling på at ein går inn for at det vert kjøpt inn eit digitalt orgel, og gjev

- nemnda mandat til å be om tilbod frå forhandlarar.
- Fellesrådet gjev orgelnemnda løyve til å vende seg til kommunen med spørsmål om ekstraløyving til restfinansiering av orgelet.
- Fellesrådet bed orgelnemnda om å ta initiativ til innsamling av midlar til å finansiere resten av kostnadane med orgelet.

For å sikre kvaliteten på arbeidet, valde orgelnemnda å knyte til seg orgelfagleg ekspertise. Etter anbefaling frå ein potensiell leverandør tok nemnda kontakt med orgelbyggjar Matthias Becker i Fredrikstad. Dette er ein høgt respektert fagperson, som mellom anna har ansvar for ettersyn av orgelet i Slottskapellet, og som har vore med på å bygge det nye store orgelet i Nidarosdomen. Uformell kontakt med alle leverandørane har synt at Matthias Becker har stor tillit hos alle desse.

Det vart utarbeidd ei anbodsinnbyding med ei omfattande skildring av kyrkjerom og kyrkjelydssal, og med klare føringar på at vi denne gongen ynskte oss ei løysing der det vart lagt større vekt på at orgelet skulle klinge godt i rommet enn at orgelet skulle vere stort og med mange stemmer. Faktorar som garantiordningar, teknisk oppfylgjing i ettertid, samt garanti for tilgjenge til reservedelar var også tekne med. Matthias Becker kvalitetssikra anbodsinnbydinga, og etter oppdrag kom han med ei liste over moglege leverandørar.

Nemnda tok kontakt med tre leverandørar og innbaud desse til å gi tilbod. Alle tre kom med tilbod innan gitt frist, og nemnda har vore i god dialog med alle tre i ettertid. Dette har dels ført med seg at nokre av tilboda er justerte med omsyn til innhald, og også i høve pris. Fellesrådet har i skrivande stund ikkje gjort formelt vedtak om kva tilbod ein skal velje, men rådet vil få ei samråystes innstilling på bordet i eit ekstraordinært fellesrådsmøte. Når du les denne artikkelen i Masfjordingen, kan du rekne med å finne oppdatert informasjon om orgelsaka på kyrka si heimeside, <https://masfjorden.kyrkja.no>.

Når kan ein så forvente at orgelet er på plass? Dette vil nok ta nokre veker. Slike orgel er som regel ikkje hyllevare, men vert produsert på bestilling. Det skal også lagast til høgtalarar til rommet. Når utstyret er kome på plass i kyrkja, skal det monterast og akustisk tilpassast rommet det skal stå i. Dette vil også ta litt tid. Dei ulike leverandørane opererer med litt ulike

leveringstider, så Fellesrådet sitt vedtak vil også kunne påverke kor lang tid dette vil ta. Men vi har all grunn til å tru at det er eit nytt orgel på plass i Frøyset kyrkje innan det er lauv på trea. Så fekk vi nok ein grunn til å glede oss til at det skal verte vår!

Men det er ikkje berre med omsyn til orgel at det tek til å ordne seg med tonefylgje i kyrkja. Inntil det nye orgelet er på plass, er organisten vår henvist til å nytte pianoet som står i kyrkja. Heller ikkje det har vore av topp kvalitet, og seinast i fjor laut det til ein reparasjon for at det skulle kunne nyttast slik det skal. Difor var det med stor glede at Frøyset kyrkje kunne ta imot eit piano frå Marta Midtbø og Torgeir Børnes. Dette hadde stått i heimen deira i fleire år, men det gjorde nok meir nytte for seg i kyrkja. Sjølv om pianoet truleg er noko eldre enn det som ein har nytt til no, og heller ikkje er vesentleg større, er det betre å spele på. Klangmessig er det «nye» pianoet også ei forbeting. Det er altså god grunn til å takke

Marta og Torgeir for at kyrkja fekk overta dette instrumentet.

Men dette er ei gāve som også andre indirekte vil få glede av: Då Sandnes kyrkje vart heim for det flotte flygelet som kommunen fekk av Inger Johann Ektvedt, vart pianoet som til da hadde stått der, overflødig. Dette pianoet var tenkt plassert i Frøyset kyrkje i haust, men vil no i staden verte flytta inn til Solheim kyrkje til erstatning for det spesielle salongpianoet som har stått der i ei årrekke. Også det vil verte ei klangmessig forbeting.

Det er kyrkjeutvalet i Solheim som skal stå for flyttinga av pianoet som skal plasserast i Solheim kyrkje, og som også vil finne ein plass for det noverande pianoet, der det vil vere til glede og nytte.

Tekst og foto : Rune Garman

Ny altarduk i Granneheimen



Den nye duken pryda altaret i Granneheimen for første gong ved gudstenesta 4. søndag i advent, 20.des. 2020.

Den gamle duken var truleg laga av Ingeborg Duesund (f. Kvinge) 1904-1989. Kanten rundt var hekla med krossmotiv. Dette nydelege arbeidet var no så prega av «tidens tann» og reparasjonar at det var tid for ein ny duk. Dette fortel Eldbjørg Mjanger, klokkar i Granneheimen. Ho tok grep, og ordna med både sying og finansiering.

Venninna hennar, Bjørg Stormark, syr store dukar i hardangersaum. Bjørg vokser opp på Andås, og etter mange år andre stader i landet, bygde ho hus på heimstaden.

I gudstenesta denne dagen fekk både liten og stor høyra litt om arbeidet med duken. Bjørg kjende oppdraget som aerefullt. Og det var utfordrande fordi det ikkje var mønster å finna på slikt arbeid. Ho tok bilete av andre altardukar, og sette så saman eit mønster ho sydde etter. Underteikna gav på vegner av kyrkja i Masfjorden ei blomehelsing til Bjørg med oppmøding til dei yngste i salen om å sjå for seg at dei eingong i framtida, når dei vart så gamle som oss, kunne hugsa at dei var med på denne markeringa.

Helga Ekehaug
Diakoni- og undervisningsleiar

På konsert med Odd Nordstoga

I desse koronatider er det ikkje så mykje som skjer på kulturfronten, og det som vert arrangert skjer med strenge restriksjonar. Heldigvis fekk eg oppleva konserten med den desidert største favorittartisten min; Odd Nordstoga.

Eg hadde gledd meg lenge til konserten i Grieghallen. Kvelden før var eg svært spent på om det blei konsert, då det var snakk om «nedstenging» av Bergen. Men det vart konsert i Peer-Gynt-salen der me sat godt spreidd utover i lokalet.

Og for ein konsert det vart! Både Odd og dei to musikarane han hadde med seg var i storform. Saman med Tor Egil Kreken på bass/vokal og Torstein

Lofthus på slagverk/perkusjon/synth presenterte dei fantastiske låtar frå Nordstoga sitt siste album; Fatig Ferdamann. Odd song, spelte kassegitar og elgitar, trekkspel og munnspele, og mellom innslaga prata han og laga utruleg flotte overgangar frå den eine til den andre låten.



Eg vart imponert over den fantastisk flotte musiseringa til dei tre utøvarane, og det flotte samspelet dei imellom. Framføringa av «Kjærleik og forlis» var nok høgdepunktet i konserten for meg.

Tekst: Jo Ronald Mjanger
Foto: Wikipedia.org

Min salme av Ragnvald Tangedal

Eg ser

Eg ser at du e trøtt
Men eg kan ikkje gå
Alle skrittå for deg
Du må gå de sjøl
Men eg vil gå de med deg
Eg vil gå de med deg

Eg ser du har det vondt
Men eg kan ikkje grina
Alle tårene for deg
Du må grina de sjøl
Men eg vil grina med deg
Eg vil grina med deg



Denne teksten er med i Tillegg for Norsk salmebok. Eg synest «Eg ser» med Bjørn Eidsvåg er ein flott song som høver i mange anledningar.

No er eg komen i ein alder der ein går i mange gravferder til slektingar som høyrer til generasjonen før oss, og nokon frå eigen generasjon.
Då synest eg det er godt å høre denne songen.

Magnhild vart 100 år



Masfjordingen har tidlegare presentert personar i kommunen som rundar 100 år. Då Magnhild Vågseth nådde denne milepålen i haust spurde me dottera, Liv Øydis, om å skriva nokre ord om sjølv feiringa av dagen og litt om Magnhild og livet hennar. Og det gjorde ho. Ikkje lenge etter 100-årsdagen gjekk Magnhild bort.

Etter avtale med familien vel me å dela denne flotte teksten frå oktober 2020 med leserane våre.

«Mor, Magnhild Vågseth, vart 100 år 1. oktober 2020. Dette vart feira på sjukeheimen på dagen. Grunna Covid 19 fekk berre ti personar vera med på feiringa. Desse vart då dei fire borna Turid, Åse Marit, Liv Øydis og Frode Lasse med ektefeller. I tillegg deltok ordførar Karstein Totland.

Personalelet hadde dekka eit nydeleg bord, og festkaka var kome på plass. I tillegg hadde me med oss kaker heimeifrå.

Høgdepunktet på dagen var nok at ordføraren var der. I nokre år har mor sagt at «eg bør bli 100 slik at eg kan få klem frå ordføraren!» Klem kunne ho ikkje få, det skjøna ho nok før dagen kom. «Da e no dinne lakheita som ikkje tek slutt», kunne ho seia.

Men då ordføraren kom med rauda roser og kjede om halsen var smilet på plass. Synd var det då at ho berre eit par dagar i førevegen sleit med å gjera seg forstått. Tunga ville ikkje lystra. Men ho klarde godt å gje uttrykk for at ho likte dette.

Ordføraren prata, overrekte blomar og bilete, og las til slutt eit vakkert dikt. Praten gjekk lett rundt bordet. Det var mange blomehelsingar, me song bursdagssongen og nokre av familien møtte opp utanfor bygget med song og gaver.

Det vart ei triveleg stund som varde i to timer.

Mor hadde 4 born, 13 barnebarn, 20 oldebarn. Alle desse hadde ho FULL kontroll på.

Ho vaks opp på Solheimsøy i ein stor søskensflokk. Ho har fortalt mykje om oppveksten sin med mellom anna attfrosete fjord og skuleveg til Krossleitet. Ho var budeie i ungdomen og vart kjent med Malmfred i krigsåra. Dei gifta seg i 1948 og sidan den tid budde ho på Vågseth.

Interessene hennar har vore mange, men med gard, fire born, eldre menneske på garden og etterkvart sjuke svigerforeldre å ta vare på, så vart det lite tid til seg sjølv. Ho var flink med hendene, sydde og strikka alle våre klede, hadde mykje kunnskap, særleg geografi, las og løyste kryssord, lærde born og barnebarn å lesa, kunne alt om slektshistorie, og hadde svært god hukommelse. Ho har slite ut opptil fleire «Masfjordbøker». I vaksen alder hadde Magnhild jobb ei stund då det vart etablert «oppdrettsanlegg» på Øyra. Det er mellom Vågseth og Hope. Ho fekk truleg si første løn og kjøpte klesstativ til meg for litt av pengane. Verken far eller mor vår hadde sertifikat, så dersom me skulle avgarde nokre gongar i året var det Jetmund med drosjen. Elles reiste mor «på kartet» som ho sa. BT sitt karthefte og NAF-boka var ofte i bruk. Når me var på ferietur eller anna følgde ho oss på kartet og kunne spørja om turen gjekk over Vidda eller Filefjell. Eg veit at ho var på ein bilferietur med svigerinne/svoger og hugsar spesielt ho snakka om Tokagelet. I seinare år deltok ho på pensjonistturar rundt om.

Ho vart enkje i 2003. Ho budde etter det på Vågseth før ho flytta til eldrebustad på Haugsvær for nokre år sidan. Siste året har ho vore på sjukeheimen. Ho var av dei som ikkje skulle vera til bry. Ei fantastisk mor som har opplevd mykje og som hadde ein hukommelse me misunna henne.»

Tekst: Liv Øydis Trædal
Foto: Privat

Nordbygda samfunnshus vert oppgradert



Det skjer saker og ting på Nordbygda Samfunnshus til trass for COVID 19-epidemi og mindre moglegheiter for samankomster og arrangement. Det siste året har både nytt tak og toalettanlegg kome på plass og det vert i desse dagar jobba med å byte ut kjøkenet. Det er kjekt å kunne stadfeste at me lukkast med å vedlikehalde, utvikle og oppgradere storstova for folket i Nordbygda.

Nytt tak

Det er no skifta tak på heile huset. Følgeskadar frå tidlegare lekkasjer har vorte retta opp og dette arbeidet er no avslutta. I løpet av februar 2020 kom stillas og containarar på plass og det gamle taket vart fjerna av ein fantastisk dognadsgjeng. Nokre av dei deltok òg på dognaden med å få taket opp ca 35 år tilbake i tid. Me fekk tilbakemelding på at dei ikkje såg for seg å vere med neste gong taket skal ned. No har me heldigvis tak som skal halde i mange år. Det har og vore god dognadsinnsats med innvendige arbeid, maling, sparkling og nedvask.

Tøalettanlegg

Nytt toalettanlegg er no på plass i kjellaretasjen. Dette gjer at ein kan nytte kjellaretasjen utan å måtte nytte toalettanlegget oppe, og ein kan ha arrangement i begge etasjar utan at ein treng å gå mellom etasjane. Det er bygd ny avdeling i bakkant av matsalen nede og installert 5 nye toalett, eit av dei er utforma for rullestolbrukarar.

Med det nye toalettanlegget på plass har me fått eit mykje meir anvennleg hus.

Kjøkken

Arbeidet med utskifting av kjøkken er no i full gang. I forkant av dette arbeidet har det vore sett ned ei arbeidsgruppe beståande av kokkane me har i bygda. Slik har me fått nyttige innspel til kva som må vektleggast på det nye kjøkenet før endeleg løysing og leverandør har blitt valgt. Her blir det meste no skifta ut, kun nyare utstyr vil bli behalde. Arbeidet med å ta ned det gamle starta for full i starten på Januar 2021, og i skrivande stund er alt inventar blitt fjerna. Brukbart utstyr som ikkje skal nyttast vidare har blitt lagt ut for sal og gitt nokre kroner inn i kassen.

Økonomi

Inntekt frå utleige av huset har naturleg nok stupt som følge av restriksjonane COVID-19 har sett. Nordbygda Samfunnshus har svært lite faste inntekter, og pengar til drift har i stor grad kome frå utleige av huset i tillegg til gåver og innsamla midler.

Det var sjølv sagt svært gledeleg, og heilt avgjerande for å ha økonomi til oppgradering av kjøkkenet, at pengane frå salet av skulehuset Hatlevika uavkorta gjekk til Nordbygda Samfunnshus då det vart sold i fjar. Me set pris på at folket i Hatlevik krins valgte å la desse pengane gå til samfunnshuset.



Dette var viktig.

Det har utanom dette vore søkt om, og blitt bevilga, statlege midlar som har vore øyremerka lag og organisasjonar som opplever tap i inntekt som følge av COVID 19. Her har det vore utbetalt ca 88 000 kroner til Samfunnshusets Venners Vel som går til drift av huset.

Styret har i tillegg søkt om, og fått innvilga, støtte for kulturbrygg 2020, gjennom fordeling av spelemidlar. Dette har vore gjort i tett samarbeid med kommunen som saman med styret for huset har utarbeida og stilt seg bak søknad som Vestland fylkeskommune i sin tur godkjente. Her er det allerede *bevilga* 425 000 kroner. Sidan budsjettet for dei igangsatte prosjekta er større enn tildelinga som er gjort, kvalifiserer me for å söke om midler også i 2021. Me har godt håp om ei tilsvarende tildeling også for inneverande år.

Stor dognadsinnsats

Tildeling av spelemidlar vert gjort etter søknad der det er stenge krav til dokumentasjon på kva pengane skal gå til. Ein av dei avgjerande faktorane er at ein kan dokumentere dognadsinnsats. I søknaden var prosjekta med toalettanlegg, tak og kjøkken lagt til grunn. Kun på desse prosjekta har me dokumentert dognadsinnsats for heile 450 000 kr. Dette, i fyrste rekke, takka vere fleire av dei dyktige handverkarane me har i bygda som saman med mange andre har gjort ein formidabel frivillig innsats på ulike områder. Me skal og nemne lokalt næringsliv som har støtta huset, både ved å stille mannskap og utstyr til disposisjon, men og stille opp med fine gevinstar til loddssal.

Dognadshender treng me fleire av i tida som kjem. Har du

som les dette anledning å hjelpe til, set me pris på den hjelpa me kan få. Dugnad er sosialt å delta på, nyttig og det fins arbeidsoppgåver som alle kan klare. Nye prosjekt står for tur! Ta gjerne kontakt med ein av oss i styret, eller følg med på facebook. Me legg ut infomasjon på facebooksida vår fortløpande.

Nordbygda Samfunnshus har heilt sidan lenge før det vart bygd og fram til slik det står i dag vore eit godt døme på kva ein kan få til med ekstraordinær dognadsinnsats.

No ser me fram til COVID-19 slepp taket slik at huset igjen kan bli nytta til det det er tenkt til.

Mvh Styret i Nordbygda Samfunnshus.

Ivar Areklett Garmann
Elisabeth Sleire
Hanne-Marit Neverdal
Harald Birkeland
Katrine Dåe
Torleif Matre
Ivar Tenjum

Kom sne!

Kom sne på alle mine mørkelagte marke.
Kom sne på alle mine bottenlause hav.
Kom sne på alle gamle sår og gamle krater
og kast igjen kver åpen grøft og åpen grav.

Kom sne! Kom ned

og lag ei silkeseng kor lyset kan få leke
og sko kan knirke når æ langs en vei må gå.
Kom sne så ungan kan gå ut å lage engla
og komme inn å få kakao etterpå.

Kom sne! Kom ned!
Kom sne når natta går sæ fast
i sinn og tanke
og strø med glitter fra en pose
som e gjemt.

Kom sne med kvite huskelappa fra en himmel
som vi her nede nesten synes å ha glemt!

Ola Bremnes



Indre Masfjorden barnehage

Endeleg kom snøen!

Måndag 11. januar gjekk turen til Geilen for å ake og leike i snøen. Vi hadde med rompe-akebrett, snømåke, spade, ved, ostesmørbrød og saft i sekken. Det var så mykje snø at vi måtte måke for å komme oss frå vegen og bort til bakken, og det er kjempekjekt med så mykje snø! Mange aka heilt frå toppen av bakken, og det gjekk kjempefort. Vi laga snøborg og brente bål som vi steikte ostesmørbrøda på. Tilbake i barnehagen hadde ikkje alle fått nok av å leike i snøen, og var ute endå lengre. Eg vil tru det var mange slitne og trøytte barn som kom heim frå barnehagen denne ettermiddagen.

Maja Aven Dahle,
styrar Indre Masfjorden barnehage



Nordbygda barnehage

I snøen kan ein finne på mykje moro:

Mange måter å ake på
Fotballspeling med snøball
Fjellklatring i akebakken
Me lagar snømann
Fargespel i snøen



Skirenn på Midtbø, Hosteland

Laurdag 16. januar vart det arrangert skirenn i Telenorkarusellen på Midtbø / Hosteland. Til saman 112 personar møtte opp, og været viste seg frå si beste side.


67 born var påmeldt med startnummer, og gjekk på ski anten i kort eller lang løype, og med eller utan tidtaking.

Det vart arrangert løp med tidtaking for fire ulike aldersklassar:

- Førskulealder + 1. og 2. klasse
- 3. og 4. klasse
- 5. – 7. klasse
- 8. klasse og oppover

Takk for ein kjekk dag! No håpar me berre me får snø att nokre gonger til før våren kjem.

Resultata frå løpa med tidtaking finn du på heimesida til Risnes IL: www.risnesil.no



Tekst: Risnes IL

Foto: Anne Merethe Reknes

Når sola snur

Siste utedagen før jul, var tre dagar før vintersolsnu.

Før i tida var vintersolsnu ein merkesdag, det var ei tid for håp. Menneska i nord venta på at lyset skulle vinda attende og varma jorda, slik at den på ny vart fruktbar. Dette vidarefomidla me til borna i 1.-4. klasse på Matre skule. For at elevane skulle forstå korleis sola «snudde», brukte me ein mørk ball, og ei lommelykt til sol, for å visa korleis desse går i bane i forhold til kvarandre

Etter ei lita faktastund om kva som eigentleg foregår på denne tida av året, vart det tid for mystikk og myter kring vintersolsnu. Dunkelt dagslys ute, summande stemmer av born på benkane, og tente lys i krikar og krokar skapte ei stemningsfull stund i gapahuken på Våganeset. Tankane og bileta borna danna seg i hovudet, vart malt og teikna på ark. Dette vart hengt opp i ei utstilling for gruppa i småskulegongen. Så går me inn i eit nytt år, og mot lysare tider.

Jammen godt sola ikkje vert svimmel ...

Tekst og foto: Silje Vågseth Kjetland



Sau og geit på timeplanen på Nordbygda skule

Den 21. oktober hadde 9. klasse ved Nordbygda ein kjekk dag på skulen. Då var me så heldige at me fekk ein heil lammeskrott til partering i Mat og helse-timane. Dette har me aldri vore med på før, så me var veldig spente.

Det fyrste me gjorde var å skjere av bogane. Etterpå skar me av svangane. Dei laga me rullepølse av. Me skar av låra. Det eine láret salta me til spikekjøt. Det andre láret skal me lage lammesteik av. Bogane salta me til raspeballkjøt. Etter dette beina me ut filètane som me skal bruke til biffmiddag. Me laga pinnekjøtt, og me har hatt ein flott nyttårsmiddag der me inviterte rektor og kontaktlærar.

Det var spesielt kjekt å vere med på heile prosessen fra heil lammeskrott til ferdig middag. Me lærte mange nye ord og korleis me skulle partere eit lam.

Til slutt vil me seie tusen takk for at me fekk dette lammet og lære om partering. Dette får me stor bruk for i framtida, og kanskje me får lyst å prøve sjølv seinare.

Helsing 9 .klasse ved Nordbygda skule.



Lars Rognald og Sebastian nominert til Draumestipendet



Masfjorden kommune har nominert Lars Rognald Midtgård Matre(23) og Sebastian Brown(19) til Draumestipendet 2021. Dei er to av over 800 søkerar til Draumestipendet dette året.

Begge dei to masfjordingane har opp gjennom åra markert seg på musikkfronten. I søknaden til stipendet presenterer Lars Rognald ein draum om å ta opp arven etter Kraftspela og skapa ein etterlengta kulturfestival i heimbygda igjen. Draumen til Sebastian handlar om å skapa noko nytt og unikt innan rock, blues og metal, gjera innspelingar og dra på turné med eige band. I dag studerer han musikkproduksjon. Det å tileigna seg større kunnskap på området, og i tillegg få eige lydproduksjonsutstyr er ein vesentleg del av draumen.

Draumestipendet er eit samarbeidsprosjekt mellom Norsk kulturskoleråd og Norsk Tipping og er for dei mellom 18 og 25 år. Stipendet skal gje verdfull inspirasjon og anerkjening, og bidra til at mange unge kunst- og kulturutøvarar får oppfylt sine draumar. Stipendordninga skal også bidra til å synleggjera kommunen sitt arbeid for unge kunst- og kulturutøvarar.

Det er kommunane som nominerer kandidatar til den nasjonale juryen. Den lokale juryen har bestått av kulturskulelærarane Ståle Daae,

Åsmund Kvinge og Endre Nystrand, i tillegg til kulturskulerektor og kulturleiar Frank Kvinge.

I nominasjonsprosessen har det vore lagt vekt på **kvalitet** hjå søkeren, og korleis eit stipend kan stimulera til vidare **utvikling**. Sjølvे **draumen** til søkeren er og svært viktig å ta omsyn til, likeins kor godt **gjennomarbeidd** sjølvē søkeren er.

Begge dei to kandidatane frå Masfjorden bur no utanfor kommunen, og Draumestipendet kan såleis vera med på å **knyta tettare bånd** mellom dei unge kunst- og kulturutøvarane og deira oppvekstkommune. Ingenting er kjekkare enn at kandidatane kan inspirera andre unge utøvarar og såleis gje noko tilbake til sin eigen kommune.

Utover vinteren vil den nasjonale juryen velja ut kven som skal få dei 50 stipenda à 30 000 kroner. Juryen består av profilerte norske artistar og kulturarbeidarar, og vert leia av Frida Ånnevik. Resultatet av juryen sitt arbeid vert kunngjort i april-mai.

Me gratulerer med nominasjonen og ønskjer lukke til for dei to kandidatane!

Masfjorden kommune, kultur

Bli med på UKM

UKM vert arrangert laurdag 10. april i kulturbrygget Meieriet på Frekhaug, for deg mellom 10 og 20 år. Påmeldingfrist er 10. februar. UKM er ei mørstring der du kan vise litt av det du er oppteken av. Du kan stilla ut bilete og fotografi, du kan synga ein song, spela med bandet ditt eller på instrumentet ditt, visa ein dans, lesa eit dikt eller visa ein film du har laga. Det er berre fantasien som kan stoppa deg.

Arrangementet vil i år gå føre seg utan publikum, og deltakarar vil møta opp i ulike puljar, for å overhalda smittevernet.



Isak, Johanne og Jørgen i aksjon under UKM 2020

Arrangementet skal vera trygt, og alle vil få god informasjon om kva tiltak/retningslinjer ein må forhalda seg til under arrangementet.

Det blir same husband som i 2020, så deltakarar med musikkinnslag som ønskjer akkompagnement kan forventa god hjelp frå dei. Det vert lagt opp til ei lita øving med bandet før sjølvē mørstringa.

Det er leigd inn eit profesjonelt produksjonsfirma som skal filma arrangementet.



Filmen vil bli publisert i digitale kanalar etter at arrangementet er ferdig.
Påmeldingsfristen er 10. februar.

Det hadde vore flott om me fekk mange med frå vår kommune. Meld deg på!

Masfjorden kommune, kultur

Masfjorden bu- og aktivitetssenter innflyttingsklart



Dei nye bustadene for funksjonshemma vert ferdigstilt i slutten av januar 2021. Bustadene ligg rett ovanfor sjukeheimen på Hosteland, med fin utsikt over Fensfjorden.

Her er det til saman 10 bustader som alle er tilrettelagt for funksjonshemma. Det er Masfjorden kommune som eig bustadkomplekset, og leiger ut sjølvstendige bueiningar.

Kvar bueining har stove, kjøkken, bad og eit eller to soverom. Det er ei stor fellesstove med kjøkken og tre mindre aktivitetsrom i tilknyting til bustadene

Me håpar at desse funksjonane vil bidra til å skape gode sosiale fellesaktivitetar for dei som no flyttar inn her.

Personalalet får ein eigen avdeling med garderobar, kontor og personalrom.



Marita Vågset og Grethe Daae Lahti - Me gleder oss

Det er tenkt at Masfjorden bu- og aktivitetssenter skal organiserast som ei avdeling under heimetenesta i kommunen. Dei tilsette som i dag arbeider i Svingen kjem til å fylge med til dei nye bustadene, men me treng også fleire tilsette no når brukarane vert fastbuande i eigne husvære. Me har difor lyst etter miljøterapeutar og miljøarbeidrarar, og fått mange søkerar til desse stillingane.

Masfjorden kommune har dei siste åra satsa aktivt på velferdsteknologi, og dei som flyttar inn her får tilbod om velferdsteknologiske løysinger tilpassa den enkelte sine behov. Desse løysingane er kopla opp mot eit mobilt vaktrom som gjer at personalet får meldingar og alarmer frå den enkelte brukar direkte til sin bærbar vaktmobil uansett kvar dei er i bygget.

Dette nye butilboden er etterlengta, og ei solid oppjustering av bustandarden som har vore i Svingen, både når det gjeld areal og byggkvalitetar.

Masfjorden kommune ynskjer dei som skal bu og dei som skal arbeida i Masfjorden bu – og aktivitetssenter lukke til i dei nye bustadene.

Tekst: Oddvin Neset
Foto: Roald Kvingedal/
Oddvin Neset



Anita Larsen-Andersen og Linda Vågseth - Endleg nye lokale



-Vaksineringa går seinare enn me hadde håpa

Koronavaksinasjonen i Noreg har ikkje kome så raskt i gong som me såg føre oss.

Dei to fyrste vekene i 2021 har Masfjorden kommune fått tre hetteglas med vaksine. Av desse har me kunna gjeve 18 personar fyrste vaksinedose.

Det er personar knytt til sjukeheimen som har motteke desse fyrste dosane.

I veke 3 får me berre eit hetteglas, og me er utålmodige etter å kome skikkeleg i gang med vaksineringa. Frå veke fire er me lova fire hetteglas, og me vonar talet vil auke yttelegare utover i februar. Frå kvart hetteglas kan ein henta ut 5-6 dosar vaksine. Endringar i prioriteringane fra FHI seier at nokon vaksinedosar (20%) skal gå til helsepersonell. Hjå oss vil i fyrste rekke helsepersonell som utfører testing, smittesporing og vaksinering verte prioritert.

Med avgrensa vaksinetilgang vil vaksinering gå føre seg stegvis etterkvart som me får tilgang på nye vaksinedosar. Me kan difor ikkje tidfesta noko massevaksinasjon, men har ein plan for dette om talet vaksinedosar me får aukar.

Ingen treng å ta kontakt med legekontor eller fastlege. Kommunen vil få nødvendig oversikt over alle prioriterte grupper, og ta kontakt etter kvart som vaksinering er aktuelt for deg.

Folkehelseinstituttet har laga ei eiga temaside om ansvarsforhold og organisering av koronavaksinasjonsprogrammet i Norge, Koronavaksinasjonsprogrammet - FHI.

Tekst: Oddvin Neset, helse- og omsorgsleiar

Årsmeldinga til Masfjorden kommune for 2019

Årsmeldinga for 2019 blei ikkje sendt ut til alle innbyggjarane dette året, men dersom nokon ønskjer å få den tilsendt, er det berre å ta kontakt på telefon 56 16 62 00 eller e-post til post@masfjorden.kommune.no

Årsmeldinga finn du og på heimesida til kommunen.



Reguleringsplan for Storeskjeret er under arbeid

Planforslaget, som ventelag kjem til politisk handsaming i formannskapet den 4. februar, må ut på høyring før det kan bli endeleg vedteke.

Ein regulerer inn eit areal for kombinert formål med forretning/kontor/bustader/tenesteyting.

Hovudføremålet er å sikra areal til ny butikk for Sandnesbygda. I tillegg opnar planutkastet for å kunna setja opp to pumper for drivstoffuttak for båtar og bilar, og areal til gjestebryggje, for kundar som ønskjer å koma til med båt.

nytta deler av nytt bygg til kontor, bustad, frisør eller kafé.

Det er sett av noko areal som går ut i sjø. Det er og gjort marinarkeologiske undersøkingar i sjø i samband med planarbeidet, og det vart ikkje gjort noko funn. Innanfor området planlegg ein å kunna setja opp to pumper for drivstoffuttak for båtar og bilar, og areal til gjestebryggje, for kundar som ønskjer å koma til med båt.



Figur 8 – Illustrasjon av ny butikk/forretning i landskapet (Kjelde: Arkoconsult AS)



Illustrasjonen figur 8 viser korleis føretaket Arkoconsult AS har tenkt å utnytta planområdet med butikk/forretning, uteareal og parkering. Her ser ein og at sjølve Storeskjeret vert teke vare på som viktig strandareal.

Tekst: Sveinung Toft,
ass.rådmann

**VELKOMMEN TIL
KOM DEG UT – DAG**
Naturløype til dagsturhytta i Masfjorden - Søndag 7. februar
Det vert ikkje felles oppmøte, men vi lagar ei naturløype med eit triveleg turmål med bål. Du startar og sluttar når du vil, men bål og premiar er å finne på dagsturhytta mellom kl. 12.00 - 15.00.
Smittevern krev påmelding på <https://nordhordland.dnt.no/aktivitetar/>
Her finn du all informasjon om Kom deg ut - dagen

Nordhordland Turlag
Blaumen og Hordaland Tur AS



Statleg og fylkeskommunalt tilskot til meir vegutbetring

Tildeling av statleg og fylkeskommunalt tilskot til meir vegutbetring langs fylkesveg 570 fra Andås til Masfjordnes.

I haust fekk kommunen orientering om at det var aktuelt for fylkeskommunen å få statleg tilskot til fleire fylkesvegar.



Vestland fylkeskommune søkte seinare om 69 mill kr til 7 prosjekt til utbetring av fylkesvegar som vart definert som viktige for næringslivet. Samla tildeling vart 54 mill. kr under føresetnad av Stortinget sin godkjenning, og at fylkeskommunen i tillegg stilte med eigendel på 60 % av prosjektkostnaden. Den fylkeskommunale delen vart vedteke i fylkestinget sitt budsjettmøte i desember. **Det er difor no løyvd til saman 20 million kroner til vidare vegutbetringar frå Andåskryssset til Masfjordnes.** (Dette er midlar som kjem i tillegg til 33 mill. kr som vart løyvd tidlegare over Nordhordlandspakka og 6,6 mill. kr som er kome inn som trafikksikringsmidlar til kommunen, prosjekt som no i stor grad er ferdige.)

Masfjorden kommune vil i løpet av januar ha møte med prosjektleiinga i Nordhordland, for å få meir kunnskap om dei aktuelle vegutbetringane. Venteleg vil prosjektering og grunnnavtalar, samt innhenting av tilbod/kontrakt med entreprenør skje i løpet av 2021, slik at prosjekta kan starte opp tidleg i 2022 og gjort ferdig i løpet av dette året. Byggjeleiar for prosjektet er Joar Hopland, som hadde ansvaret for vegarbeidet som har pågått det siste året.

I søkeraden som vart sendt inn til fylkeskommunen frå vegfagleg hald i Nordhordland, og med støtteskriv frå Masfjorden kommune og lokalt næringsliv, var det til saman 16 punkt som var på lista.

- To av desse punkta ligg i bakkane ned frå Andåskryssset, og handlar om å etablere både betre sikt og breiddeutviding på til saman ca 320 meter.
- Elles kjem det fleire punktutbetringar som forlengar eksisterande utbetningspunkt frå vegarbeidet som vart gjort i 2020 i samband med Nordhordlandspakka. Dette gjeld både på Einestrond, i lia før Søre Kvinge, samt ved butikken på Kvinge og ved Vågsbotn.
- Det vil og koma ein del breiddeutvidingar eit stykke nord for Kvingedalsvatnet, og i bakken før toppen mot Mjanger, samt ved bruhaugen på Mjanger. Dette vert vegutbetringar på til saman ca 700 meter.
- Vidare vil fylkeskommunen fullföra fleire mindre prosjekt, som ein ikkje vart ferdig med i samband med Nordhordlandspakka/dei kommunale prosjekta. På fleire av desse stadane har ein gjort ferdig grovfyllinga, men manglar toppdekke, asfalt og rekksverk m.v. Desse gjeld mellom anna strekningar på Mjanger og på Hope, eventuelt Elvik.

Tekst: Steinung Toft, ass.rådmann

Utbetring av støypekant langs kommunevegen ved Juvik

Vestland fylkeskommune har i møte i hovudutval for samferdsel og mobilitet den 14. oktober 2020 tildelt kroner 250.000 til prosjekt ny støypekant langs kommunevegen mellom Solheim og Haugsvær ved Juvika i ein strekning på ca 400 meter.

Kommunen må sjølv stilla med ein del midlar for at arbeidet kan bli realisert.

Fylkeskommunen var samd med kommunen at støypekanten no er så därleg, at det er høg risiko knytt til noverande situasjon med gamal støypekant.

Kommunen planlegg å starta opp og ferdigstilla prosjektet i 2021. Målet er å få ut tilbodsdokumenta i løpet av februar og tildela kontrakt på arbeidet i slutten av mars, slik at aktuell entreprenør alt kan koma i gang med arbeidet før sommaren.

Tekst og foto: Steinung Toft ass.rådmann



Mange søknader om midlar til idretts – og nærmiljøanlegg

Spelemiddelordninga er ei støtteordning for finansiering av idrett- og friluftslivstiltak i Noreg. Dei fleste eksisterande idrettsanlegga i Masfjorden, små og store, er vorte delfinansiert gjennom ordninga. Dei siste større tiltaka som har fått tilskot i vår kommune er Matre idrettspark i perioden 2016-2019 med til saman kr 1 850 000, og Matre symjebasseng med kr 3 250 000 i perioden 2015-2017. I tillegg har ein dei siste åra motteke mindre tilskot til ei rekke nærmiljøanlegg.

Spelemidlar til idretts- og nærmiljøanlegg.

Lag og organisasjonar i samarbeid med kommunen har innan 15. januar 2021 sendt inn søknader om statlege spelemidlar til idretts- og nærmiljøanlegg.

Søknadane er sendt i samsvar med kommunen sin politisk vedtekne handlingsplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv for 2021. Planen vart handsama i kommunestyret hausten 2020.

Følgjande søknader er sendt:

Masfjord fotballklubb / Masfjorden kommune søker tilskot til nytt flomlysanlegg ved Nordbygda sentralbaneanlegg basert på prosjektkostnad kr 1 815 000 mill. Tilskotsramme inntil 1/3 av prosjektkostnad.

Masfjorden kommune/ Vestland fylkeskommune søker tilskot til dagsturhytta og universelt utforma turveg til hytta. Dagsturhytteprosjektet i Vestland har overordna styring og finansiering gjennom fylkeskommunen. Prosjektkostnad på hytta er kr 1 200 000 og universell utforma turveg med brygge kr 933 000. Tilskotsramme er 1/3 av prosjektkostnad på hytta og ½ av prosjektkostnad på turvegen. Tiltaka er også støttet og fullfinansiert av Vestland fylkeskommune, Sparebank Sogn og Fjordane, Gjensidigestiftinga og BKK.

Skjelsundet Vel søker tilskot til ballbinge og lysanlegg på nærmiljøanlegget i Skjelsundet. Prosjektkostnad for ballbingen er kr 1 406 000 og for lysanlegg kr 670 000. Dette er nærmiljøsøknader der kvar av søknadane kan få tilskot på inntil kr 300 000.

Kvinge grendalag har fornya nærmiljøsøknaden om tilskot til turveg over Stien. Søknaden vart godkjend i 2020, men tildelingsramma var for liten til at tiltaket fekk tilskot då. Tilskot kr 300 000.

Ein ventar svar på spelemiddelsøknadane i juli 2021.

Tilskot til kulturbrygg:

Nordbygda samfunnshus søkte i 2020 om kr 850 000 i tilskot til kulturbrygg, og fekk kr 425 000. Sidan tildelt beløp er lågare enn det totale godkjende søknadsbeløpet, kan ein gjenta søknaden i søknadsrunden i 2021 for å sökje om det resterande beløpet. Dette vert gjort innan 30.04.2021.

Tilskot fra DAM-stiftinga

I tillegg har Nordbygda pensjonistlag søkt tilskot til 600m turveg mellom fv 570 og idrettsbana gjennom DAM-stiftinga. Her får ein svar på søknaden allereie i starten av februar. Prosjektet har ein samla kostnad på kr 570 000, og det er søkt om tilskot på kr 300 000.

Alle søknadane viser stort lokalt engasjement og vilje til å skapa og ivareta gode arenaer for fysisk aktivitet og kulturarbeid i kommunen vår.

Tekst: Masfjorden kommune, kultur



Bilete over: Her bygger Skjelsundet Vel nærmiljøanlegg


Bilete under: Nordbygda sentralidrettsanlegg treng nytt flomlys



TAKK

Takk til alle dykk lesarar som sender inn stoff om hendingar og aktuelt i bygdene våre, stort og smått. Dette veit me mange har stor glede av å lesa om.
Så hald fram med å bidra, slik at Masfjordingen kan fungera som ein god møteplass og arena for deling for innbyggjarane i kommunen vår.

Helsing arbeidsgruppa



Kontaktinformasjon til kyrkja



Kyrkjeverje: Eli Eidsnes
Tlf.: 56 16 62 61/906 13 515
E-post kyrkjeverja@masfjorden.kommune.no

Diakoni og undervisningsleiar:
Helga Ekehaug
Tlf. 56 16 62 62, 911 93 612
e-post:
helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no

Sogneprest, vikar: Torbjørn Sæle
Tlf.: 56 16 62 63/ 951 41 685
e-post: ts657@kyrkja.no

Vipps Masfjorden Sokn: 620513

Frist for innsendingar til Masfjordingen

Bladet skal vera klart til utsending 10 dagar etter fristane: 8.mars og 25.mai

Noter desse datoane i årshjulet for din organisasjon. Få med både førehandsomtale og del gjerne bilete og minneverdige stunder frå hendinga i etterkant. Slik at de kan få åtgauum og folk i bygdene kan få eit innblikk i det som skjer.

Kontaktinformasjon til kommunen



Telefon: 56 16 62 00
Epost: post@masfjorden.kommune.no

Post- og besøksadresse:
Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Arbeidsgruppa for Masfjordingen:

Helga Ekehaug, Mary Hope, Frank Kvinge,
Sveinung Toft
helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no
mary.hope@masfjorden.kommune.no
frank.kvinge@masfjorden.kommune.no
sveinung.toft@masfjorden.kommune.no

Formgjeving: Mary Hope